

Prøvebu Fedje

A couple is seen from behind, sitting on a rocky ledge overlooking a body of water. The person on the left is wearing a dark blue and teal jacket, while the person on the right is wearing a bright pink long-sleeved shirt and has a crown of yellow and purple flowers in their hair. In the background, across the water, is a coastal town with white houses and a prominent white church with a dark steeple. The sky is filled with soft, pinkish clouds, suggesting a sunset or sunrise. The overall mood is romantic and peaceful.

Søk om ei gratis
prøvebuhelg på Fedje!

Velkommen til landsbyen i havet!



Eit hav av moglegheitar!

Ta jobben med deg og flytt til Fedje!

På Fedje har vi rikeleg med kontor plassar og lokale.

På Fedje får du gode naboar, nettverk og støttespelarar som hjelper kvarandre og tar vare på kvarandre!

På Fedje har vi subsidierte tomter med båtplass, GRATIS barnehage, barne- og ungdomsskule, idretts- og svømmehall.

På Fedje kan du gå tur i Nord-sjøløypa, ta ein topptur til Fedjebjørn - 41,9 m.o.h. - nest lågaste høgaste punkt i nokon norsk kommune, padle, synge i

kor, fiske, dykke, spele i orkester eller rockeband, drive med idrett, trene yoga blant holmar og skjær, eller spele landhockey.

På Fedje finn du kafear, stor daglegvarehandel, gammeldags landhandleri, taxi, gin- og whiskydestillari, koselege stadar å overnatte, lokale kunstnarar, kortreist mat og badestrand.

På Fedje har vi fleirbrukshall med bowling og treningsrom.

På Fedje kan du gløyme kø og bompengar.

Fedje ønskjer auka tilflytting og etablering av næringsverksemd.

Slik søker du om prøvebu:

Fedje ønskjer auka tilflytting og etablering av næringsverksemd. Som eit ledd i å få til dette vert personar/familiar som kan ta jobben med seg, eller ønskjer å etablere verksemd, invitert til å prøvebu Fedje kostnadsfritt for ei helg.

Send ein grunngjeve søknad til Otto A. Nordby.

(Sjå informasjon på neste side)

Søklarar vil få svar i løpet av 4 veker.

Godkjente søklarar vil bli kontakta av ein Fedje-ambassadør.

Er du ein av dei heldige prøvebuarane, tar du buss/bil/sykkel den avtalte helga til Sævrøy ferjekai og ferja over til Fedje. Utan bil er ferjeturen gratis.

På Fedje vil du bli tatt godt i mot av din Fedje-ambassadør som vil vise kvar du skal bu og vise deg

rundt på øya. Du vil bli presentert for ein mogleg kontorplass, treffe representantar for Fedje kommune, få gåvekort til Matkroken, Bjellands Cafe, Landsbykafeen og Fedje Landhandleri, helse på ein coach som følgjer opp nyetableringar og nyinnflyttarar, og du vil bli invitert på eit informasjonsmøte.

Etter endt opphald må du gje tilbakemelding på korleis du opplevde å prøvebu Fedje og di interesse for flytting/etablering av verksemd.

Me avtalar om du ønskjer vidare oppfølging!

Send søknad til otto.a.nordby@gmail.com med opplysningar om:

- Namn.
- Mobiltelefon.
- E-post.
- Jobbsituasjon i dag.
- Sivilstatus.
- Mogleg framtidig jobbsituasjon på Fedje.
- Kvifor vurderer du Fedje?
- Dine forventningar ved eventuell flytting.
- Ditt moglege bidrag til Fedjesamfunnet ved eventuell flytting.





Destination Fedje!



Kontaktperson : Otto-Andrè Nordby

Mobiltelefon: 993 97 232

E-post: otto.a.nordby@gmail.com

Prøvebu Fedje